

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget tek gjennomgangen av tiltaka for auka gjennomføring til vitande og meiner oversikta synleggjer trongen for ulike førebyggjande og tilbakeførande tiltak for å sikre at flest mogleg får høve til å fullføre vidaregåande opplæring og ta del i arbeidslivet.
2. Fylkestinget vedtek at produksjonsskulane sitt oppdrag vert vidareutvikla inn mot førebyggjande tiltak i Vestland. Vidareføring av tilboda ved Hardanger produksjonsskole og SEFF - Florø vil krevje vidareføring av den statlege løyvinga eller auka tilskot frå fylkeskommune. Det er i budsjettframlegget for 2021 ikkje lagt inn auka fylkeskommunale midlar. Fylkesrådmannen vil fremje ei sak om eventuell vidareføring og finansiering når evalueringa føreligg. Ved evaluering av produksjonsskolen i Hardanger skal det fremkomme kostnader ved drift av eiendommen og fremtidige investeringsbehov.
3. Fylkestinget vedtek at tiltak for auka gjennomføring vert innarbeidd i oppfølginga av mål og strategiar «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring».
4. Fylkestinget støttar opp om aktivt arbeid mot sentrale mynder for å sikra varig statleg medfinansiering.